



Tyark As  
Strandgaten 19  
5013 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/7030 - 22/93385

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
07.12.2022

## Ferdigattest - gbnr 322/273 seksjonar 11-20 blokk B Mjåtveit

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1401/22  
**Tiltakshavar:** Mjåtveitmarka B16 As  
**Ansvarleg søkjar:** Tyark As  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad blokk med 10 bueiningar på gbnr 322/273 seksjonar 11-20 felt 05 Mjåtveitmarka. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 18/1741, datert 19.09.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.09.22 og supplert 27.10.22.

### Skildring

Adresse:	Mjåtveitmarka 13 5918 Frekhaug
Bygningstiltak:	Bustadblokk med 10 bueiningar
Bygningsnummer:	300705925
Bruksareal:	Samla BRA: 554,4 m2

Avlaup:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	0

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/7030

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Mjåtveitmarka B16 As                      c/o                      5224                      NESTTUN  
Byggmester  
Hitland AS  
Midtunheia 2

### Mottakarar:

Tyark As                      Strandgaten 19    5013                      BERGEN